



Svein Sunde held fram ved skulen i Uskedalen

Torsdag vart 3 trufaste medarbeidarar i Kvinnherad kommune heidra for innsatsen sin. Det skjedde under ein middag i Kulturhuset på Husnes.

Det var lærarane Ståle Eik og Svein Sunde og Jon Harald Kjærland, som er sakshandsamar. Eik og Sunde fekk gullklokke etter 40 års teneste i kommunen medan Kjærland fekk belte etter 25 år. Sunde var ikkje til stades.



[Ståle Eik og Jon Harald Kjærland](#)

Kommunen heidrar medarbeidarar på denne måten annakvart år. Rådmann og kommunalsjefar står for overrekkjinga.

* Ståle Eik slutta som lærar i fjor. Han vart tilsett som lærar fyrste gong i Framhaldsskulen i Rosendal i 1967 og kom til Framhaldsskulen i Uskedalen året etter. Etter 2 år på lærarskulen har han vore tilsett i skulen i Kvinnherad. Han har vore ved skulen her i bygda med unnatak av dei siste åra då han har hatt skule heime på tunet under ordninga grøn omsorg

* Svein Sunde starta som lærar her i Uskedalen i 1971 og har vore her i alle år sidan. Han har hatt alle klassane og dette skuleåret sjetteklassen. No er han 64, men opplyser til uskedalen.no at han ikkje skal slutta førebels. Han tek heretter eitt år om gongen.

* Jon Harald Kjærland vart tilsett i kommunen som bygningskontrollør i 1986. I rundt 15 år har han vore sakshandsamar for byggjesaker.

Tekst: Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal